

# Referat etter møte i Fagleg Rådgevinge utval for Ålfotbreen landskapsvernområde

Fredag 16.12.2016 – Flora samfunnshus

## Desse møtte:

Alvar Melvær – *Sogn og Fjordane turlag*, Leidulv Solvang – *grunneigar Flora*, Petter Refsnes – *grunneigar Bremanger*, Erik Solheim – *Naturvernforbundet*, Wenny Hansen – *Fjordkysten Reiseliv*, Vegard Fagerli – *SFE*, Hege Lothe – *styreleiar verneområdestyret*, Marius Strømmen – *verneområdestyret*, Alf Erik Røyrvik – *verneområdeforvaltar*.

---

### 1. Velkommen. Opning av møtet

Styreleiar Hege Lothe opna møtet og sa litt generelt om styre og forvaltning i 2016.

### 2. Informasjon frå forvaltninga

Verneområdeforvaltar Alf Erik Røyrvik orienterte kort om styresaker og kva forvaltninga har jobba med i 2016, og om kva tiltak/prosjekt som har fått støtta frå styret sine tiltaksmidlar i 2016.

### 3. Besøksstrategi

Verneområdeforvaltaren gjekk gjennom kva ein besøksstrategi er og kvifor ein slik no vert utarbeida for Ålfotbreen landskapsvernområde.

Målsetninga med besøksstrategien:

1. Gje dei besøkande best muleg opplevingar
2. Legge til rette for lokal verdiskaping
3. Utan at dette går ut over natur og verneverdiar

Besøksstrategien skal vere kunnskapsbasert og gjennom strategien skal styret ta ein del strategiske val og gjere prioriteringar. Strategien skal munne ut i ein tiltaksplan, som vert førande for bruk av tiltaksmidlar dei komande åra.

Verneområdeforvaltaren gjorde greie for status på arbeidet med strategien og framdrift vidare. Startegien vil kome på ei høyringsrunde hjå utvalet før den skal opp til vedtak i verneområdestyret.

Utvalet kom med nyttige innspel til styre og forvaltning gjeldande besøksstrategien. Innspela er ikkje sitert ordrett, men her er ei kort oppsummering:

- Utvalet er positivt til at ein slik strategi vert utarbeida.
- Viktig å gjere grundige vurderingar gjeldande behov for tilrettelegging. Må ikkje overdrive og gjere meir tilrettelegging enn det som er naudsynt.
- Bør behalde litt av mystikken og dermed respekten for området.
- Ålfotbreen LVO er eit krevjande område. Må ikkje «lokke» folk inn i området som ikkje har fedigheiter til å ferdast der.
- Det er behov for meir informasjon om området og korleis ein kan bruke det.
- Reiselivet har ein del pågang frå turistar som vil besøke breen, men lite å vise dei vidare til. På godt og vondt.
- Informasjon: Må satse på digitalisering.

#### **4. Forvaltninga sine planar for tiltak i 2017**

Verneområdeforvaltaren har to framlegg til tiltak som er aktuelle for 2017:

- Utbetring av stien frå Hope til Lavesteinen.
- Byte ut gamle turskilt med ny sandard.

#### **5. Innspel om tiltak i 2017 frå utvalet**

Innspel til aktuelle tiltak for 2017 frå utvalet:

- Stige på stien frå Blåbrebu til Ålfotbreen er øydelagt. Heng ikkje fast lenger. Denne bør reparerast.
- Kartlegging av naturverdiar (supplement til det som eksisterer per i dag).
- Informasjonshefte om den spanande geologien og særpreget elles ved naturen i området.

#### **6. Eventuelt**

Ingen saker